

## **Protokoll frå møte i Vest-Telemarktinget 26. april 2016.**

### **Sak 01/2016 Opprop**

Fyresdal kommune: Erik Skjervagen, Christin Lindberg Skansen, Tone Irgens Veum, Ketil Kiland  
Kviteseid kommune: Tarjei Gjelstad, Anne Birgit Sollid, Øystein Tveit

Nissedal kommune: Geir Christian Enger, Anne Nora Oma Dahle

Seljord kommune: Halfdan Haugan, Jon Svartdal, Henry Mæland

Tokke kommune: Jarand Felland, Tone Sofie Dale Solvang, Hilde Alice Vågslid, Brit Houge

Vinje kommune: Jon Rikard Kleven, Øystein Høgetveit, Bjørn Arne Linskog, Jan Myrekrok

Frå administrasjonen møtte Ole Dalen og Kjell Gunnar Heggenes

Regionordfører Erik Skjervagen leia møtet.

### **Sak 02/2016. Godkjenning av innkalling og sakliste.**

*Vedtak: Innkalling og sakliste vert godkjent samrøystes.*

### **Sak 03/2016. Val av 1 person til å skrive under protokollen i lag med regionordfører.**

*Vedtak: Til å skrivne under protokollen i lag med regionordfører vert valt: Tarjei Gjelstad*

### **Sak 04/2016. Godkjenning av årsmelding og årsrekneskap for Vest-Telemarkrådet 2015**

Regionrådsleiar orienterte nærare frå årsmeldinga og økonomisjef i Kviteseid kommune, Lothar Edel la fram rekneskapen for 2015.

*Vedtak: Vest-Telemarktinget godkjenner det framlagte forslaget til årsmelding og årsrekneskap for Vest-Telemarkrådet 2015. Samrøystes vedtak.*

### **Sak 05/2016. Val av revisor.**

*Vedtak: Som revisor for rekneskapsåret 2015 vert valt Telemark Kommunerevisjon.*

*Samrøystes vedtak.*

### **Sak 06/2016. Orienteringssaker.**

Vest-Telemark vidaregåande skule - den 5. beste vidaregåande skulen i landet. Status og utfordringar.

Rektor Tove Palmork Hovelmoen var tilstades og orienterte nærare om skulen. I tillegg til dei ulike studietilboda, er skulen involvert i ei rekkje aktivitetar så som fengselsundervisning, Vest-Telemarkkonferansen, snøskuteropplæring, rådgjevarsamarbeid, skulesjef-forum, nettverksgruppa for vidaregåande opplæring osv.

Skulen arbeider under mottoet: "Alle kan – vi hjelper deg fram". Drifta er kjenneteikna av at ein ser elevane, bryr seg om alle, har gode relasjonar og kort avstand mellom elevar/lærarar samt at elevar og foreldre/føresette har eit sterkt eigartilhøve til skulen.

Særskilte utfordringar for Vest-Telemark vg skule er: varierende antal søkjarar, finansiering av drifta etter antal elevar, endra finansiering i samband med samanslåinga av Dalen og Seljord og ikkje minst den årlege tidsbruken for å forsvare skulens eksistens.

ByRegionprogrammet - kva inneber dette for regionen.

Plan- og nærings sjef i Tokke kommune, Gunhild Austjord, som er prosjektansvarleg (PA) for ByRegionprogrammet, var tilstades og orienterte nærare om denne saken.

Målsettinga med prosjektet er å utvikle regionale motorar i alle kommunesentra, herunder utvikle solide kompetansmiljø, styrke samarbeidet mellom offentleg og privat sektor, samt auke regionens bustadattraktivitet.

Prosjektet varer frå 2015 til 2017 og har fått 2,68 mill kroner i tilskot frå KMD. Tokke står som søkjarkommune og prosjektleiar (PL) er Ole Dalen. Det er inngått avtale med 2 leverandørar i februar 2016, ASPLAN VIAK og VTNU-konsortiet.

Prosjektet fell godt saman med utbygginga av næringshagar i dei 6 kommunane.

VisitTelemark - organisering av reiselivet i Telemark.

Ole Dalen orienterte om status for reiselivsorganiseringa i Telemark. Dei næringsansvarlege i kommunane har utnemnd Ole som regionens representant i dette arbeidet.

Ein har vurdert 2 alternative modellar: "All-in" eller ein mogleg samarbeidsmodell mellom dei lokale destinasjonsselskapa og Visit Telemark, der det siste alternativet synes vera mest aktuelt.

Ein ynskjer ei mest mogleg forutsigbar finansiering, der antal fritidsbustader, omsetning i næringsseiningane samt folketal peikar seg ut som faktorar for korleis kostnadene skal fordelast. Denne finansieringsmodellen ligg også an til å bli nytta på landsplan.

AktivSkole365 - utdanning av aktivitetsleiarar.

Idretts- og utdanningskonsulent i Telemark Idrettskrets, Øyvind Gonsholt, var invitert for å orientere nærare om programmet "AktivSkole 365", som er eit aktivitetsleiarprogram for skulane i fylket. Det oppsto imidlertid ei forseinking for Gonsholt slik at denne orienteringa måtte utgå.

*Vedtak: Vest-Telemarktinget tek dei ulike orienteringane til vitande.*

Møtet vart avslutta med omvisning i Tokke kraftstasjon der leiinga, med regiondirektør Per Are Hellebust i spissen, viste rundt og gav mykje interessant informasjon om Tokkeverkene og kraftproduksjonen i vår region.

*Erik Skjervagen.  
Regionordførar*

*Tarjei Gjelstad*